




## Budsjettdokument for Lom kommune



Gjestfri og nyskapande

### Innhold:

Vurdering fra administrasjonssjefen	4
Innstilling fra budsjettutvalet	6
Økonomiske oversikter	15
Formannskapet - første gong	18
Formannskapet - andre gong	18
Kommunestyret sitt vedtak	19
Overordna styringssignal og utvikling	20
Overordna mål og strategiar	22
Handlefridom i økonomien -prioriteringar	23
Handlingsplan for tenesteområda	25

Biletet i toppen er frå Meadalen med utsikt over Vårdalen.

Foto: Merete Byrøygard

Lom kommune  
Midtgård  
2686 Lom  
Telefon: 6121 7300  
Faks: 6121 7301  
Epost: post@lom.kommune.no  
<http://www.lom.kommune.no>



# Lom kommune Budsjett 2012 Økonomi- og handlingsplan 2013-2015



# Innhaldsliste

<u>1</u>	<u>Vurdering frå administrasjonssjefen</u>	4	<u>7</u>	<u>Overordna styringssignal og utvikling</u>	20
1.1	Økonomi - prioriteringar og utfordringar	4	7.1	Viktige prioriteringar i statsbudsjettet	20
1.2	Samhandlingsreformen	4	7.2	KS si uttale til statsbudsjettet	20
1.3	Pensjonsutgifter	4	7.3	Utvikling i folketalet	21
1.4	Lønsoppgjør 2012	4	<u>8</u>	<u>Overordna mål og strategiar</u>	22
1.5	Kraftinntekter	4	8.1	Balansert målstyring (BMS)	22
1.6	Utvikling i folketalet	5	8.2	Kommunemålekart	22
1.7	Investeringstiltak	5	<u>9</u>	<u>Handlefridom i økonomien - prioriteringar</u>	23
1.8	Forventingar frå overordna mynde	5	9.1	Generelle økonomiske utfordringar	23
1.9	Sluttcommentar	5	<u>10</u>	<u>Handlingsplan for tenesteområda</u>	25
<u>2</u>	<u>Innstilling frå budsjettutvalet</u>	6	10.1	Staben til administrasjonssjefen	25
2.1	Budsjettprosessen	6	10.2	Støttefunksjonen	26
2.2	Målsetjing med budsjettarbeidet	6	10.3	Loar skule	28
2.3	Innstillinga	6	10.4	Garmo oppvekstsenter	30
<u>3</u>	<u>Økonomiske oversikter</u>	15	10.5	Lom ungdomsskule	32
3.1	Investeringar og finansiering	15	10.6	Loar barnehage	34
3.2	Driftsbudsjett	15	10.7	Miljø, teknisk, næring	35
3.3	Utvikling i lånegjeld	17	10.8	Helse og velferd	38
3.4	Fondskapital	17	10.9	Institusjonsbasert omsorg	41
3.5	Bruk av næringsfond	17	10.10	Heimebasert omsorg	43
<u>4</u>	<u>Formannskapet - første behandling</u>	18			
4.1	Forslag frå Formannskapet 6. desember 2011	18			
<u>5</u>	<u>Formannskapet - andre behandling</u>	18			
5.1	Forslag frå Formannskapet 22.12.2011	18			
<u>6</u>	<u>Kommunestyret sitt vedtak</u>	19			
6.1	Vedtak i Kommunestyret 22.12.2011	19			

## 1 Vurdering frå administrasjonssjefen

### 1.1 Økonomi - prioriteringar og utfordringar

Budsjettframlegg for 2012 er resultat av ei hektisk og konsentrert arbeidsperiode for nyvald budsjettutval. Som følgje av kommunevalet kom utvalet seinare i gang enn det som har vore vanleg dei siste åra. Framlegg til budsjett for 2012 er offensivt. Dette er grunngjieve med at etablert driftsnivå i all vesentleg grad er vidareført. Dette på

tross av mange vesentlege og nye utfordringar innan drift og ikkje minst utfordrande investeringstiltak. Administrasjonssjefen har ved kvart budsjettframlegg og i årsmeldingane understreka behovet for vesentlege innsparingstiltak og inntektsauke. Administrasjonssjefen vil nemne nokre faktorar som understrekar dette.

### 1.2 Samhandlingsreformen

Samhandlingsreformen trer i kraft i 2012. Det er knytt stor usikkerheit til økonomisk effekt av denne både på stutt og lang sikt. Intensjonen med reforma er klar, og er forståeleg og rett i høve samfunnsutviklinga totalt sett. Lom kommune har gjort nokre tiltak for å møte utfordringa. Det gjeld nye stillingar som folkehelsekoordinator, koordinerande eining, ny legeheimel og tilbod om frisklivssentral. Slik rammene blir

vurdert i dag, er det ikkje rom for ytterlegare stillingar for tilrettelegging av oppgåvane i samhandlingsreformen. I dette bildet må vi og ta omsyn til vår deltaking i LMS på Otta. Pr i dag er ikkje dei økonomiske konsekvensane for kommunane tydelege nok, og frå KS er det ved fleire høve understreka at det må gjerast forløpende evaluering og justering av ressursane kommunane får til gjennomføring av oppgåvane knytt til reforma.

### 1.3 Pensjonsutgifter

Dette er eit område som viser auke over tid. Det er tilfelle og i 2012, noko som for så vidt ikkje er tatt omsyn til i langstidsbudsjetteringa

i kommunen. Avklaring av forventa utvikling av pensjonsutgifter fram i tid må vera eit prioritert område for kommunane.

### 1.4 Lønsoppgjør 2012

Lønsoppgjør i 2012 er eit hovudoppgjør og det knyter seg usikkerheit omkring dette. Erfaringa er at det ofte ender opp med høgare resultat enn det som er forutsett i kommuneproposisjonen og

budsjettføresetnadane gjeve i statsbudsjettet. Det er von om at m.a. internasjonal utvikling og usikker finansmarknad kan medverke til moderasjon i oppgjører.

### 1.5 Kraftinntekter

Kommunen har erfaring med at kraftinntektene svingar. Heldigvis vart konsesjonskrafa vår selv for 2012 på eit gunstig tidspunkt, noko som gjer at kommunen har 2,5 mill kroner meir til disposisjon i 2012 enn ved sal seinare på året. Prognosane for seinare år i økonomiplanen

viser lågare nivå, noko som må takast omsyn til i arbeidet med økonomiplanen for neste år. Målet må vera å gjera seg vesentleg mindre avhengig av desse inntektene for saldering av den økonomiske drifta av kommunen. Dette er vektlagt frå administrasjonen kvart år.

### **1.6 Utvikling i folketallet**

Dessverre viser det seg at utviklinga i innbyggjartal i kommunen viser nedgang. Ein konsekvens av dette er tilsvarende reduksjon i rammeoverføringa frå staten. Utfordringa blir

å redusere tenestetilbodet innan dei områda som opplever redusert etterspurnad som følgje av færre innbyggjarar.

### **1.7 Investeringstiltak**

Store investeringstiltak som fleirbrukshus og omsorgsbustader med heildøgns omsorg representerer utfordringar for kommunen. Når det gjeld driftskonsekvensar av fleirbrukshuset er dette vurdert i saka som kommunestyret behandla i oktober. Driftskonsekvensar av nemnde

omsorgsbustader er i skrivande stund ikkje gjennomarbeidd. Felles for desse store, og andre investeringstiltak, er at dei utløyser behov for vesentlege innsparinger i drifta til kommunen. Dette må det arbeidast systematisk med i 2012.

### **1.8 Forventingar frå overordna mynde**

På nytt har det vorte skapt eit bilde av at kommuneøkonomien er romsleg i samband med framlegg til statsbudsjett. Vi registrerer gong på gong at dette skjer, og at det ikkje er til å kjenne att når det kjem til realitetar i den enkelte kommune. Vesentlege årsaker til dette er at føresetnadane som er lagt i høve løns- og

pensjonsutgifter er undervurderte og ikkje i tråd med endeleg resultat. Denne situasjonen er utfordrande for kommunane å handtere, i og med at det ofte blir skapt eit bilde av at det er kommunane som ikkje hushalderer godt nok.

### **1.9 Sluttkommentar**

Budsjettet for 2012 er eit utfordrande budsjett. Ideelt sett burde innsparingstiltak vore handtert alt i budsjettvedtaket. Når det ikkje er gjort må kommunen vera budd på nøyte gjennomgang og vurdering av budsjett og økonomiplan i løpet av første halvår 2012.

Administrasjonssjefen vil likevel peike på stutt tid for nye folkevalde i høve å setja seg inn i føresetnadane og moglegitetene for tiltak, og har med det forståing for det framlagte budsjettet og at det er ynskjeleg med noko meir tid for å gjera nærmere vurderingar.

## **2 Innstilling fra budsjettutvalet**

### **2.1 Budsjettprosessen**

Kommunestyret gjev budsjettutvalet oppdrag om å foreslå tiltak for å dekkje inn inntil kr 5 millionar i årleg driftsbudsjett. Budsjettutvalet får frist til 1 juni med å koma med framlegg til kommunestyret.

Økonomiplanen blir som følgje av dette lagt fram til rullering i løpet av første halvår 2012. Budsjettutvalet har fått ansvar for å leggja fram forslag til budsjett for 2012 og økonomiplan for 2013 – 2015 til formannskapet. Budsjettutvalet har vore sett saman av:

Odd Arne Kroken (SP), leiar  
Enid Øyjordet Kristensen (SP),  
Kristian Frisvold (BL)

Anne-Lise Marstein(AP)  
Magny Hilde (LL)

### **2.2 Målsetjing med budsjettarbeidet**

- Økonomiplanen blir som følgje av dette lagt fram til rullering i løpet av første halvår 2012.
- Kommunestyret gjev budsjettutvalet oppdrag om å foreslå tiltak for å dekkje inn inntil kr 5 millionar i årleg driftsbudsjett. Budsjettutvalet får frist til 1 juni med å koma med framlegg til kommunestyret,
- Økonomiplanen blir som følgje av dette lagt fram til rullering i løpet av første halvår 2012.
- Oppretthalde nødvendig tenestetilbod
- Prioritering av lovpålagde oppgåver
- Imøtekoma målsettingar i overordna planer og vedtak
- Netto driftsresultat på minimum 3 %
- Bruk av konsesjonskraftinntektene til driftsføremål: kr 6 500 000, overskytande skal avsetjast til disposisjonsfondet.

### **2.3 Innstillinga**

#### **2.3.1 Føresetnader for budsjettet**

- Årslønsvekst: 3,6 % auke
- Ordinær pensjonskostnader KLP: 18 %
- Ordinære pensjonskostnader STP: 11,3 %
- Kostnader til AFP: reell budsjettering
- Arbeidsgjevaravgift: 6,4 %
- KS prognosemodell vert nytta til vurdering av frie inntekter (skatt og rammetilskot)
- Innskotsrente i samsvar med gjeldande rente oktober 2011, ev med tillegg av rentereserve.
- Lånerente i samsvar med gjeldande rente oktober 2011, ev med tillegg av rentereserve.
- Avdrag basert på nedbetalingsplan frå långjevar.
- Utbytte frå AS Eidefoss: 10 000 000 kr (2011: 10 260 000)
- Vidareføring av opphavleg budsjett 2011, med justering av vedtekne endringar.
- Middel til lønsjustering: 550 000
- Auke i egedomsskatt 704 000

#### **2.3.2 Driftsinntekter - forslag til satsar**

##### **Kap. Skattevedtak**

2.3.2.1 Med grunnlag i egedomsskattelova §§ 2 og 3, skal egedomsskatt skrivast ut etter disse alternativa for skatteåret 2012:

- Faste egedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygd på byvis eller der slik utbygging er i gang.
- Verker og bruk i heile kommunen.

## Innstilling frå budsjettutvalet

Den generelle skattesatsen for dei skattepliktige eigedomane blir sett til 7 promille. Skattesatsen blir differensiert med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a. For bustadar/bueiningar og fritidseigedomar, blir skattesatsen sett til 4 promille.

For bueingar av eigedomar (inkludert fritidseigedomar) som ikkje blir nytta til næringsverksemd, skal det nyttas eit bottenfrådrag på kr 450 000 av takstverdien.

Nyoppførte bygg som heilt eller delvis blir brukt som bustad, er fritekne for eigedomsskatt i 10 år (eigedomsskattelova § 7 bokstav c) inntil kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomsskatten skal betalast i 6 terminar i skatteåret.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidligare vedtekter.

<b>Kap.</b>	<b>Område</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
2.3.2.2	Leige for kommunale bustader, justerast etter avtale		
2.3.2.3	Satsar for musikk- og kulturskulen, pr. år		
	- Eineundervisning	2 000	2 000
	- Gruppeundervisning dans, drama, formgjeving	1 000	1 000
	- Syskenmoderasjon: Første barn 40%, andre barn 50%		
2.3.2.4	Satsar for skulefritidsordninga, pr. mnd.		
	- Til og med 14 timer pr. veke	1 000	1 000
	- 15 timer og meir i veka	1 600	1 600
	- Dagsats	300	300
	- Timesats	90	90
2.3.2.5	Satsar for barnehagen, pr. mnd.		
	- Fem dagar i veka (maksimalsats)	2 330	2 330
	- Fire dagar i veka	2 200	2 200
	- Tre dagar i veka	1 750	1 850
	- To dagar i veka	1 300	1 400
	- Einskild dag	200	250
2.3.2.6	Opphold på helseheimen, jamfør rundskriv I 47/98 frå Helse og Sosialdepartementet		
2.3.2.7	Husleige for trygdebustad, alderspensjonat og omsorgsbustad blir foreslått auka som konsumprisindeksen eller 3%		
2.3.2.8	Satsar for heimehjelp		
	- Inntekt under 2G	160	165
	- Inntekt frå 2G og under 3G	536	547
	- Inntekt frå 3G og under 4G	770	785
	- Inntekt frå 4G og under 5G	1 124	1 146
	- Inntekt frå 5G og over	1 597	1 629
	Satsane er heimla i Forskrift om vederlag for sosiale tenester.		
2.3.2.9	Tryggleiksalarm, pris pr. mnd.	70	75
2.3.2.10	Middag levert i heimen, pris pr. middag	66	70
2.3.2.11	Satsar for fellingsavgift		
	Med heimel i "Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort" blir fellingsavgiftene for elg og hjort i Lom kommune auka til gjeldande maksimalsatsar:		
	- Elg, vaksne dyr (1½ år og eldre)	465	465
	- Elg, kalv	270	270
	- Hjort, vaksne dyr (1½ år og eldre)	350	350
	- Hjort, kalv	210	210

**2.3.3 Overføringer til andre**

Kap.	Mottakar	2011	2012
2.3.3.1	Regionrådet	510 000	440 000
	I tillegg: Prosjekt for Distriktsmedisinsk senter	266 000	0
2.3.3.2	Revisjon og kontrollutval	590 800	611 000
2.3.3.3	Lom veksthus, finansiert frå næringsfondet	100 000	100 000
2.3.3.4	Jotunheimen reiseliv AS, finansiert frå næringsfondet	650 000	650 000
2.3.3.5	Organisasjonar og andre innan kultur	853 000	853 000
	Av dette, øyremerka til idrett	495 000	495 000
2.3.3.6	Lom kyrkjelege råd	1 600 000	1 600 000
	I tillegg kjem overføring for tenesteyting	157 000	157 000
2.3.3.7	Gudbrandsdalsmusea A/S, jfr. avtale	154 400	154 400
2.3.3.8	Nord-Gudbrandsdal Bedriftshelseneste, kjøp av tenester	200 000	210 000
2.3.3.9	Lom friviljugsentral	103 000	113 000
	I tillegg kjem tenesteyting	125 000	125 000
2.3.3.10	Lom og Skjåk brannvesen:		
	- Feiarvesen	348 000	361 000
	- Brannsyn	200 000	210 000
	- Brannvesen	1 149 000	1 193 000
2.3.3.11	Regiondata	855 000	1 072 000
2.3.3.12	IT-samarbeid med Skjåk kommune	552 000	580 000
2.3.3.13	Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap	1 328 000	1 086 000
2.3.3.14	Barne- og ungdomsvern, samarbeid med Skjåk kommune	512 000	744 000
2.3.3.15	Samarbeid med NAV	322 000	329 000
2.3.3.16	Samarbeid med krisesenter	30 000	156 000
2.3.3.17	Etter avtale av 11.06.2002 dekkjer kommunen eit kommunalt rekneskapsmessig underskot ved dei to leirskulane med inntil kr. 50 000 på kvar leirskule. Underskot utover kr 50 000 skal belastast eigarane av leirskulen.  Ved eventuelt overskot får skulane overført inntil kr 50 000 til innkjøp av utstyr og kurs/opplæring, under føresetnad av årleg budsjettvedtak. Overskot utover kr 50 000 blir delt likt mellom kommune og leirskule.		

**2.3.4 Godtgjersle til folkevalde**

Godtgjersle til folkevalde følgjer det til kvar tid gjeldande reglement.

**2.3.5 Delegasjon - høve til å fastsette detaljert budsjett**

Kommunestyret delegerer til Formannskapet å fastsette detaljert budsjett i samsvar med paragraf 11 i budsjett- og rekneskapsforskrifta.

**2.3.6 Fullmakt til administrasjonssjefen**

Administrasjonssjefen får fullmakt til å saldere budsjett 2012 og økonomiplan 2013 – 2015 ved å justere avsetjing til disposisjonsfond.

## Innstilling frå budsjettutvalet

### 2.3.7 Budsjett gruppeart og ansvar

Grp.	Ansvar:	Budsjett 2011	Budsjett 2012
10	Lønsutgifter	4 315 360	4 308 600
11	Kjøp av varer og tenester	1 472 184	1 199 959
13	Kjøp av tenester frå andre	1 131 000	4 353 400
14	Overføringer	2 870 500	2 897 500
15	Finansutgifter /transaksjonar	0	94 750
16	Salsinntekter	-65 000	-67 500
17	Refusjonar	-2 190 260	-2 148 257
19	Finansinntekter/transaksjonar	-105 000	0
<b>Sum: Administrativ stab</b>		<b>7 428 784</b>	<b>10 638 452</b>
<hr/>			
Grp.	Ansvar: Støttefunksjonen	Budsjett 2011	Budsjett 2012
10	Lønsutgifter	*) 12 332 500	*) 6 775 011
11	Kjøp av varer og tenester	2 060 392	6 951 140
13	Kjøp av tenester frå andre	8 188 000	8 451 400
14	Overføringer	3 253 300	2 147 300
15	Finansutgifter/transaksjonar	21 706 479	31 018 310
16	Salsinntekter	-16 369 000	-16 622 335
17	Refusjonar	-8 534 727	-15 996 007
18	Overføringer	-124 710 800	-131 320 800
19	Finansinntekter/transaksjonar	-16 272 318	-16 540 400
<b>Sum: Støttefunksjonen</b>		<b>-118 346 174</b>	<b>-125 136 381</b>
<hr/>			
Grp.	Ansvar: Loar skule	Budsjett 2011	Budsjett 2012
10	Lønsutgifter	10 946 300	11 385 000
11	Kjøp av varer og tenester	2 315 512	2 105 102
13	Kjøp av tenester frå andre	20 000	15 000
14	Overføringer	110 000	191 000
16	Salsinntekter	-454 000	-497 000
17	Refusjonar	-1 016 000	-800 000
<b>Sum Loar skule</b>		<b>11 921 812</b>	<b>12 399 102</b>
<hr/>			
Grp.	Ansvar: Garmo oppvekstsenter	Budsjett 2011	Budsjett 2012
10	Lønsutgifter	4 616 000	5 622 100
11	Kjøp av varer og tenester	1 070 117	877 781
14	Overføringer	149 000	201 000
16	Salsinntekter	-412 200	-449 400
17	Refusjonar	-88 000	-75 000
18	Overføringer	0	-25 000
<b>Sum: Garmo oppvekstsenter</b>		<b>5 334 917</b>	<b>6 151 481</b>
<hr/>			
Grp.	Ansvar: Lom ungdomsskule	Budsjett 2011	Budsjett 2012
10	Lønsutgifter	8 160 700	9 122 100
11	Kjøp av varer og tenester	3 053 728	2 731 610
13	Kjøp av tenester frå andre	600 000	34 000
14	Overføringer	491 000	431 525
16	Salsinntekter	-315 000	-358 300
17	Refusjonar	-499 000	-283 000
18	Overføringer	-832 500	-1 489 600
<b>Sum: Lom ungdomsskule</b>		<b>10 658 928</b>	<b>10 188 335</b>

\*) Avviket mellom budsjett 2011 og 2012 er i det vesentlege premieavvik på pensjonsforsikring og utgjer kr 5 724 800.

## Innstilling frå budsjettutvalet

Grp.	Ansvar: Loar barnehage	Budsjett 2011	Budsjett 2012
10	Lønsutgifter	8 417 700	9 367 900
11	Kjøp av varer og tenester	1 231 712	997 603
13	Kjøp av tenester frå andre	10 000	0
14	Overføringer	43 600	101 100
16	Salsinntekter	-1 818 300	-1 738 100
17	Refusjonar	-405 000	-482 000
<b>Sum: Loar barnehage</b>		<b>7 479 712</b>	<b>8 246 503</b>
Grp.	Ansvar: Miljø, teknisk og næring	Budsjett 2011	Budsjett 2012
10	Lønsutgifter	12 542 500	13 776 816
11	Kjøp av varer og tenester	7 014 464	6 464 288
13	Kjøp av tenester frå andre	5 851 862	5 840 362
14	Overføringer	1 998 125	1 998 125
16	Salsinntekter	-9 978 500	-9 892 000
17	Refusjonar	-5 197 400	-5 682 680
18	Overføringer	-1 013 162	-548 862
19	Finansinntekter/transaksjonar	-2 953 554	-3 643 854
<b>Sum: Miljø, teknisk og næring</b>		<b>8 264 335</b>	<b>8 312 195</b>
Grp.	Ansvar: Helse og velferd	Budsjett 2011	Budsjett 2012
10	Lønsutgifter	15 740 300	17 908 000
11	Kjøp av varer og tenester	4 191 746	2 798 432
13	Kjøp av tenester frå andre	1 440 280	1 655 895
14	Overføringer	1 673 600	1 760 600
15	Finansutgifter/transaksjonar	111 000	600 000
16	Salsinntekter	-2 509 000	-2 316 000
17	Refusjonar	-2 478 701	-2 898 701
18	Overføringer	-1 913 200	-3 707 000
19	Finansinntekter/transaksjonar	-85 000	-130 000
<b>Sum: Helse og velferd</b>		<b>16 171 025</b>	<b>15 671 226</b>
Grp.	Ansvar: 07 Institusjonsbasert omsorg	Budsjett 2011	Budsjett 2012
10	Lønsutgifter	26 441 700	30 370 000
11	Kjøp av varer og tenester	6 230 646	5 156 553
13	Kjøp av tenester frå andre	478 000	488 000
14	Overføringer	1 012 000	1 005 000
16	Salsinntekter	-4 759 000	-5 198 000
17	Refusjonar	-1 094 000	-1 130 000
<b>Sum: Institusjonsbasert omsorg</b>		<b>28 309 346</b>	<b>30 691 553</b>
Grp.	Ansvar: 08 Heimebasert omsorg	Budsjett 2011	Budsjett 2012
10	Lønsutgifter	21 868 700	22 467 100
11	Kjøp av varer og tenester	2 869 615	2 244 434
13	Kjøp av tenester frå andre	400 000	310 000
14	Overføringer	301 000	307 000
16	Salsinntekter	-1 612 000	-1 646 000
17	Refusjonar	-1 050 000	-845 000
<b>Sum: Heimebasert omsorg</b>		<b>22 777 315</b>	<b>22 837 534</b>

### **2.3.8 Behandling i budsjettutvalet**

#### **2.3.8.1 Kraftinnekter og signal om utbytte frå Eidefoss**

Budsjettutvalet opprettheld nivået på utbytte som er innlagt i budsjettkastet, dvs. kr 10 mill for 2012.

Kr 3 700 000 av kraftinntektene var i utgangspunktet avsett til disposisjonsfond, og halde utanfor driftsbudsjettet, jf målsettingar for budsjettarbeidet s. 4, punkt 2.2. På grunn av ein utfordrande budsjetsituasjon så må inntekter frå konsesjonskraft og utbytte nyttast til å balansere budsjettet med.

Budsjettutvalet vurderar det som viktig at ein ved gjennomgang og reduksjon i det enkelte tenesteområde sine rammer, er viktig å ha tid, slik at ein får best mogleg interne prosessar. Budsjettutvalet innstiller derfor på at kommunen nyttar av dei avsette kraftinntektene på kr 3 700 000 til å saldere budsjettet.

Utvalet innstiller på ein politisk og administrativ prosess, med føremål å få utgiftsnivået ned slik at ein nyttar mindre av kraftinntektene. Arbeidet må setjast i verk snarast etter nyttår 2011/2012.

#### **2.3.8.2 Moglege innsparinger og auke i inntekter**

Utvalet gjekk gjennom balancesituasjonen på bakgrunn av informasjon frå administrasjonen om auke i inntekter og innsparingstiltak lagt fram av tenesteområda.

##### **Auke i inntekter**

Auke i egedomsskatt – teleanlegg	144 000
Auke pga av endring av makstakst kraftanlegg	(estimat - usikkert nivå) 60 000
Omtaksering av egedomsskatteobjekt i sentrum	(estimat - usikkert nivå) 500 000
Diverse endring av inntekter	208 000
Straumutkoppling Lom samfunnshus	100 000

##### **Innsparinger / justeringar i høve opphaveleg budsjettforslag frå tenesteområda**

Støttefunksjonen	450 000
Loar barnehage	440 000
Loar skule	230 000
Lom ungdomsskule	375 000
Garmo oppvekstsenter	83 000
Miljø, teknisk, næring	200 000
Helse og velferd	0
Pleie og omsorg	375 000

#### **2.3.8.3 Gjennomgang av investeringstiltak i budsjett og økonomiplan**

På grunn av balancesituasjonen, skal tiltak for å tilfredsstille krav i lov og forskrift prioriterast. Budsjettutvalet hadde ein gjennomgang av forskjellige tiltak:

##### **Bygging av fleirbruksbygg**

Bygging av fleirbruksbygg er vedteke. Mva. – kompensasjon av investering må inn i driftsbudsjettet, samt driftstiltak frå ferdigstilling av bygget.

##### **Omsorgsbustader**

Administrasjonen orienterte om storleiken av investeringane, fordelt på 2 byggetrinn, samt rente-, avdrags- og FDV – kostnadene.

Byggetrinn I:	Byggetrinn II:
Investering	39 770 000
Finansiering	10 847 000
*mva – komp	7 400 000
*tilskot frå staten	2 018 000
*lån	6 870 000
	2 748 000
	25 500 000
	6 081 000

Behovet for omsorgsbustader vart drøfta, saman med alternative løysingar. Budsjettutvalet ynskjer å utsetja prosjektet for ein ny gjennomgang i kommunestyret, da føresetnadene for prosjektet har endra seg. Det er ynskje om å vurdere dette i forhold til samhandlingsreformen.

### **Sikringsarbeid**

Etter kartlegging av risiko for jord- og snøskred, har det kome fram behov for sikringsarbeid. Dette skal gjerast i samarbeid med NVE. Det er usikkert kor stor del kommunen må finansiere av dette. Det må gjennomførast prosjekteringsarbeid og utarbeiding av konkurransegrunnlag.

Behov til prosjektering: kr 200 000.

Behov: kr 1 100 000

I samband med dette må det løysast inn ei tomt for tilkomst til sikringsanlegget.

Behov: kr 250 000.

Grunnervervet for gjennomføring av sikringstiltak er ikkje mogleg å kalkulere nå. Det vil koma eiga sak for tiltaket.

### **Vedlikehald av kommunale bruer**

Vurderingane er utført etter krav i medhald av ”Håndbok Statens vegvesen” (forskrift).

Det er gjennomført hovudinspeksjon. Krav til tiltak er i medhald av handbok frå Statens vegvesen. Det er utført vurderingar med mengde, konkurransegrunnlag og kostnadsvurdering. Behov: kr 500 000 Utvalet innstiller på tiltaket, som finansierast frå disposisjonsfondet.

### **Vatn, avlaup og renovasjon (VAR)**

Dette området skal gjennomførast etter sjølvkostprinsippet, dvs at inntektene (gebyr) skal dekke utgiftene. Det er avgjerande å ha ein jamn vedlikehald og fornying av anlegget for å sikre god forsyning av vatn og ha eit sikkert avløps- og renovasjonssystem.

Det blir derfor innstilt på:

Trykkforsterkar Ulstad – Gjeistar	kr 1 000 000
Galdesand, v.v. – aggregat	kr 100 000
Utskifting av VA – leidningar	kr 1 852 000
Sum tiltak VAR:	kr 2 952 000

Tiltaka blir foreslått finansiert med lån.

### **Energiøkonomiseringstiltak (ENØK)**

Budsjettutvalet ser på ENØK - tiltak som viktig for kommunen og ynskjer å prioritere dette i budsjettet for 2012. Budsjettutvalet ynskjer å øyremerke kr 200 000 til ENØK – tiltak ved Lom helseheim. Finansiert frå fond.

### **Regiondata**

Regiondata – felles investeringsprogram for regionen: kr 306 000.

Administrasjonen gjekk i gjennom dei forskjellige investeringstiltaka vedteke i Regiondata sitt styre. Utvalet innstiller på at det blir gjeve løyingar til investeringane. Tiltaket blir foreslått finansiert med lån..

### **Digitale tavler – Lom ungdomsskule**

Fordelane med digitale tavler vart drøfta. Utvalet ser på utvikling av skulen som viktig, og med dei fordelane ein kan ha av dette verktyet, går utvalet inn for tiltaket. Det er budsjettert med ei tavle til kvar klasse (inkludert delte klasser), til saman seks tavler.

Investeringsbehov: kr 260 000. Tiltaket blir finansiert med lån.

## Helsecenter

I kommunestyremøte den 30. juni 2011 vart det samrøytes gjort dette vedtaket:

*"Lom kommune loyver inntil kr 100.000 til kjøp av tenester for vurdering av tilbygg/ ombygging av eksisterande helsecenter. I vurderinga skal resultat frå vernerunder leggjast til grunn. Framlegg til tiltak skal gjennomførast innanfor ei ramme på kr 2,5 mill kroner. Tidsfrist for gjennomføring av vurderinga blir i løpet av 2011. Tiltaket blir finansiert frå disposisjonsfondet."*

Forprosjektet er gjennomført. Det er skissert to alternativ med kostnadsoverslag av ombygginga.

Alternativ 1: Byggingsmessig kostnad: kr 2 524 000, med totalkostnad kr 6 185 000.

Alternativ 2: Bygningsmessig kostnad: kr 2 751 000, med totalkostnad kr 7 514 000.

Administrasjonen orienterte og om at ventilasjonsanlegget er gammalt, og at den tekniske levetida på anlegget er overskride.

Budsjettutvalet ynskjer ikkje å ta tiltaket inn i budsjettet eller økonomiplan, men ynskjer ei sak til kommunestyret.

## Andre tiltak

Andre tiltak er det ikkje funne rom for å prioritere inn i budsjettet. I økonomiplanen må finansiering og drift av Fleirbrukshuset inn, omsorgsbustader og elles tiltak som må gjennomførast for å tilfredsstille krav i lover og forskrifter.

Administrasjonen får i oppdrag å synleggjera dette i budsjett dokumentet.

### **2.3.8.4 Gjennomgang av driftstiltak i budsjett og økonomiplan**

#### Omsorgsbustader

Byggetrinn 1:

Renter og avdrag	kr 1 475 000
FDV	kr 1 025 000

Byggetrinn 2:

Renter og avdrag	kr 352 000
FDV	kr 320 000
Sum driftsutgifter før bemanning	kr 3 170 000

Behovet for omsorgsbustader vart drøfta, saman med alternative løysingar. Budsjettutvalet ynskjer å utsetja prosjektet for ein ny gjennomgang i kommunestyret, da føresetnadene for prosjektet har endra seg. Det er ynskje om å vurdere dette i forhold til samhandlingsreformen.

#### Garmo skule

Utbetring av ventilasjonsanlegg: kr 120 000

Etter ei samla vurdering finn ikkje utvalet å kunne løyve middel til tiltaket.

#### Gamle Loar og Drengjestugu

Nytt gulvbelegg (Driftstiltak) kr 100 000

Utbetring av brannalarmanlegg og ledeljos: kr 240 000

På grunn av at dagens drift kan endra seg ved nytt fleirbruks hus, er det ynskje om at ny verksemd i bygga er bestemt før ein gjer noko vedlikehaldstiltak.

#### Riving av kommunale hus

Riving av doktorgarden, investering kr 240 000, finansierast frå fond.

Riving av klokkgarden, investering kr 120 000, finansierast frå fond.

## **Verdiskapingsprosjektet nasjonalparklandsby**

kr 500 000 i 2012 og kr 500 000 i 2013.

Kommunen får tilskot tilsvarende bruk av eige kapital. Ved kr 500 000 i tilskot, vil kunne oppnå kr 500 000 i statlege middel. Prosjektmiddel kan nyttast til stillingsressurs. Kommunen har fått ein status som nasjonalparklandsby. Det er viktig å nytte denne statusen for å vidareutvikle Fossbergom som ein turiststad.

Stillingsressurs til prosjektet (40 % stilling)                    kr      200 000

Det blir løvd kr 500 000 med tillegg av kr 200 000 til stillingsressurs i 2012. Tilsvarende beløp bli lagt inn i økonomiplanen for 2013. Kr 700 000 blir finansiert frå næringsfondet.

## **Vaktsentralen**

Vaktsentralen vart drøfta, jf tidlegare innstilling frå Budsjettutvalet under behandling med å finne driftsmiddel for fleirbrukshus.

Leiar i budsjettutvalet tek opp med formannskapet, bestilling av sak for vurdering av Vaktsentralen.

## **Vidare arbeid med dei økonomiske rammene**

Administrasjonen utarbeider budsjett og økonomiplan etter denne prioritering, samt legg inn tiltak i økonomiplanen som er nødvendig for å tilfredsstille krav til lov og forskrift.

Budsjettutvalet ynskjer ein god prosess rundt innsparinger, og vil derfor som ei midlertidig ordning saldere budsjettet med bruk av konsesjonskraftinntekter. Bruk av dei ”ekstra kraftinntektene” er ikkje ynskjeleg, og ser det som nødvendig at drifta framover blir mindre avhengig av disse inntektene. Både utbytte og konsesjonskraftinntektene er usikre inntekter. Budsjettutvalet ser det som nødvendig at det blir sett i verk ein prosess straks etter nyttår for å finne eit optimalt driftsnivå. Det er ei målsetting å få til ei budsjettjustering innan 1. april 2012.

### **2.3.8.5 Økonomiplanen**

Omsorgsbustader er teke inn i økonomiplanen frå 2013. Drift av omsorgsbustader er føresett dekt innan gjeldande budsjettrammer.

### **2.3.9 Rammestyring**

Etter Lom kommune sitt delegasjonsreglement tildeler Kommunestyret rammene til administrasjonen som prioriterer innanfor desse rammene.

### 3 Økonomiske oversikter

#### 3.1 Investeringar og finansiering

	2012	2013	2014	2015
Edb-utstyr/programvare	306 000	0	0	0
Etableringslån	2 882 000	2 882 000	2 882 000	2 882 000
Digitale tavler lom ungdomsskule	260 000	0	0	0
Reparasjon av kommunale bruer	500 000	0	0	0
Utskifting av va-ledninger	1 852 000	0	500 000	500 000
Avløp/reinsing- sanering va-ledninger	0	200 000	0	0
Skredsikring-utb. bustader	1 550 000	0	0	0
Aggregat Galdesand	100 000	0	0	0
Opprusting hovedpumpestasjon	0	700 000	0	0
Trykkforsterker - Ulstad	1 000 000	0	0	0
Energimerking av bygg	0	100 000	0	0
Enøk-tiltak	200 000	0	0	0
Fleir brukshus	65 400 000	38 150 000	0	0
Omsorg og trygdebustader	0	39 770 000	10 847 000	0
<b>Sum investeringar</b>	<b>74 050 000</b>	<b>81 802 000</b>	<b>14 229 000</b>	<b>3 382 000</b>
Refusjon frå staten	0	-6 870 000	-2 748 000	0
Refusjon frå private	-1 800 000	-1 050 000	0	0
Statlege overføringer	-4 800 000	-2 800 000	0	0
Bruk av lån	-48 176 000	-51 350 000	-6 581 000	-500 000
Lån - etableringslån	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Ordinære avdrag - formidl.lån	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Bruk av ubundne kapitalfond	-3 000 000	-1 750 000	0	0
Bruk av heimfallsfond	-3 600 000	-2 100 000	0	0
Overføring frå driftsrekneskapen	-282 000	-282 000	-282 000	-282 000
Overføring frå drift-momskomp.	-9 792 000	-13 000 000	-2 018 000	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>-74 050 000</b>	<b>-81 802 000</b>	<b>-14 229 000</b>	<b>-3 382 000</b>

#### 3.2 Driftsbudsjett

- I budsjettet for 2012 ligg det store investeringar. Momskompensasjonen av dette blir ført som inntekt i driftsrekneskapet. Dette medfører at driftsresultata blir betre enn den reelle situasjonen er. (Reglane for dette blir endra frå 2014).
- Premieavviket gjeld pensjonsforsikringane, spesielt innanfor område til KLP.
- Kommunerekneskapen skal vera eit finansielt basert rekneskap, men nokre element er basert på kostnadsvurdering og forpliktingar som kommunen vil ha framover. Oppstillinga under syner ein tallmessig konsekvens av dette.

	Budsjett 2012
Sum driftsinntekter	201 170 470
Netto driftsresultat	16 151 506
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	8,0 %
Mva kompensasjon investering	9 792 000
Premieavvik KLP	-4 360 000
Netto driftsresultat korrigert for mva komp og premieavvik	1 999 506
Netto driftsresultat korrigert for mva komp og premieavvik i %	1,0 %

## Økonomiske oversikter

<b>Driftsbudsjettet</b>	Rekneskap 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015
<b>Driftsinntekter</b>						
Brukertilbetalinger	7 701 939	7 266 500	7 747 500	7 747 500	7 747 500	7 747 500
Andre sals- og leigeinntekter	33 912 859	31 030 500	30 800 800	30 631 800	33 153 800	33 086 800
Overføringer med krav til mottying	28 303 937	34 006 126	25 530 908	28 334 208	18 352 208	16 184 208
Rammetilskott	57 321 112	75 076 000	79 720 000	79 720 000	79 720 000	79 720 000
Andre statlege overføringer	10 152 717	6 178 862	7 520 462	5 367 062	5 367 062	4 818 200
Andre overføringer	467 162	800 000	0	0	0	0
Skatt på inntekt og formue	40 688 631	39 553 000	41 945 000	41 945 000	41 945 000	41 945 000
Eigedomsskatt	3 182 046	3 043 800	3 905 800	3 905 800	3 905 800	3 905 800
Andre direkte og indirekte skattar	6 050 928	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>187 781 331</b>	<b>200 954 788</b>	<b>201 170 470</b>	<b>201 651 370</b>	<b>194 191 370</b>	<b>191 407 508</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønsutgifter	103 814 926	107 068 500	111 081 756	109 578 956	109 419 956	109 233 956
Sosiale utgifter	19 391 683	25 513 673	21 691 735	18 793 735	18 783 135	18 276 135
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteprod.	27 463 239	27 510 374	25 046 300	26 755 400	28 919 400	28 648 500
Kjøp av tenester som erstattar tenesteprod.	23 206 695	18 584 142	21 148 057	21 015 967	20 515 967	19 663 105
Overføringer	11 446 745	14 235 452	11 040 150	11 094 150	10 983 025	10 879 400
Avskrivningar	8 476 089	8 476 000	8 713 000	8 763 000	11 376 750	12 414 090
Fordelte utgifter	-66 000	-4 597 010	-236 334	-236 334	-836 763	-836 763
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>193 733 378</b>	<b>196 791 131</b>	<b>198 484 664</b>	<b>195 764 874</b>	<b>199 161 470</b>	<b>198 278 423</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-5 952 047</b>	<b>4 163 657</b>	<b>2 685 806</b>	<b>5 886 496</b>	<b>-4 970 100</b>	<b>-6 870 915</b>
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	14 554 411	14 760 000	16 100 000	14 916 000	14 916 000	14 416 000
Gevinst på finansielle instrument (omløpsmidlar)	0	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån	133 494	65 000	130 000	130 000	130 000	130 000
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>14 687 905</b>	<b>14 825 000</b>	<b>16 230 000</b>	<b>15 046 000</b>	<b>15 046 000</b>	<b>14 546 000</b>
<b>Finansutgifter</b>						
Renteutgifter, provisjonar og andre fin.utg.	3 840 058	3 788 800	4 312 300	4 302 400	7 255 800	7 161 850
Tap på finansielle instrument	0	0	0	0	0	0
Avdragsutgifter	6 623 845	6 568 000	7 065 000	7 394 000	10 197 000	10 197 000
Utlån	81 500	65 000	100 000	100 000	100 000	100 000
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>10 545 403</b>	<b>10 421 800</b>	<b>11 477 300</b>	<b>11 796 400</b>	<b>17 552 800</b>	<b>17 458 850</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>4 142 502</b>	<b>4 403 200</b>	<b>4 752 700</b>	<b>3 249 600</b>	<b>-2 506 800</b>	<b>-2 912 850</b>
Motpost avskrivningar	8 476 089	8 476 000	8 713 000	8 763 000	11 376 750	12 414 090
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>6 666 544</b>	<b>17 042 857</b>	<b>16 151 506</b>	<b>17 899 096</b>	<b>3 899 850</b>	<b>2 630 325</b>
<b>Interne finanstransaksjonar</b>						
Bruk av tidlegare års reknesk.messig mindreforbruk	3 478 651	4 299 436	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	3 049 229	6 069 118	560 000	200 000	1 036 496	485 575
Bruk av bunde fond	4 560 159	4 737 504	3 524 254	3 499 454	2 840 454	2 642 900
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0
<b>Sum bruk av avsettingar</b>	<b>11 088 039</b>	<b>15 106 058</b>	<b>4 084 254</b>	<b>3 699 454</b>	<b>3 876 950</b>	<b>3 128 475</b>
Overført til investeringsrekneskapen	2 071 829	20 089 642	10 224 000	13 432 000	2 450 000	432 000
Dekning av tidlegare års reknsk.m. meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til disposisjonsfond	3 429 524	7 531 273	5 600 960	3 755 750	916 000	916 000
Avsettingar til bunde fond	7 953 794	4 558 000	4 410 800	4 410 800	4 410 800	4 410 800
Avsettingar til likviditetsreserven	0	0	0	0	0	0
<b>Sum avsettingar</b>	<b>13 455 147</b>	<b>32 178 915</b>	<b>20 235 760</b>	<b>21 598 550</b>	<b>7 776 800</b>	<b>5 758 800</b>
<b>Rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk</b>	<b>4 299 436</b>	<b>-30 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 3.3 Utvikling i lånegjeld

Utvikling i lånegjeld 2012-2015 (tal i heile tusen kroner)	Inng. gjeld	2012	2013	2014	2015	Utgående gjeld 2015
Nye lån	113 034	70 000	38 157	1 000	500	
Avdrag løpende lån		7 065	7 394	10 197	10 197	
Avdrag nye lån						
Utgående gjeld		175 969	206 732	197 535	187 838	187 838

### 3.4 Fondskapital

Fondskapital 2012 – 2015 (tal i heile tusen kroner)	Inng. balanse	2012	2013	2014	2015	Utgående balanse
Dispositionsfond	10 100					
Avsett drift/disponert		760	2 122	(1 036)	(486)	11 460
Heimfallsfond	10 150					
Avsett drift		255	255	255	255	
-Inv.budsjett		9 710)	-	-	-	1 460
- Refusjon tomtesal						
Næringsfond	3 300					
-Driftstiltak		4 150	4 150	4 150	4 150	
-Avsett drift		(3 355)	(3 330)	(2 671)	(2 474)	8 070
Kapitalfond	1 290					
-Inv.budsjett - bruk av ub.kap.fond		(1 290)	-	-	-	-
-avsetjing		-	-	-	-	
<b>Totalt</b>	<b>24 840</b>					<b>20 990</b>

### 3.5 Bruk av næringsfond

	2012	2013	2014	2015
Planlegging	-120 000	-120 000	-120 000	0
Tiltaksarbeid	-1 302 500	-1 277 700	-618 700	-560 400
Reiseliv og turistverksemd	-650 000	-650 000	-650 000	-650 000
Servicenæringer	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Landbruk	-655 000	-655 000	-655 000	-655 000
Lom veksthus	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Regionråd	-440 400	-440 400	-440 400	-440 400
Landbrukskontor	-37 354	-37 354	-37 354	-18 100
<b>Bruk av næringsfondet</b>	<b>-3 355 254</b>	<b>-3 330 454</b>	<b>-2 671 454</b>	<b>-2 473 900</b>

## 4 Formannskapet - første behandling

### 4.1 Forslag frå Formannskapet 6. desember 2011

Budsjett 2011 og økonomiplan 2012 – 2014 blir vedteke slik det går fram av innstillinga frå Budsjettutvalet i eige budsjettdokument som fylgjer denne saka.

Med grunnlag i eigedomsskattelova §§ 2 og 3, skal eigedomsskatt skrivast ut etter disse alternativa for skatteåret 2012:

- Faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang.
- Verker og bruk i heile kommunen.

Den generelle skattesatsen for dei skattekpliktige eigedomane blir sett til 7 promille.

Skattesatsane blir differensierte med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a. Dette gjeld for bustadar/bueiningar og fritidseigedomar, der skattesatsen blir sett til 4 promille.

For bueingar av eigedomar (inkludert fritidseigedomar) som ikkje blir nytta til næringsverksemd, skal det nyttas eit

bottenfrådrag på kr 450 000 av takstverdien.

Nyoppførte bygg som heilt eller delvis blir brukte som bustad, er fritekne for eigedomsskatt i 10 år jf. eigedomsskattelova § 7 bokstav c inntil kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomsskatten skal betalast i 6 terminar i skatteåret.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidligare vedtekne skattevedtekter.

Kommunestyret gjev budsjettutvalet oppdrag om å foreslå tiltak for å dekkje inn inntil kr 5 millionar i årleg driftsbudsjett. Budsjettutvalet får frist til 1 juni 2012 med å koma med framlegg til kommunestyret. Økonomiplanen blir som følgje av dette lagt fram til rullering i løpet av første halvår 2012.

Samråystes.

## 5 Formannskapet - andre behandling

### 5.1 Forslag frå Formannskapet 22.12.2011

Budsjett 2011 og økonomiplan 2012 – 2014 blir vedteke slik det går fram av innstillinga frå budsjettutvalet i eige budsjettdokument som fylgjer denne saka.

Med grunnlag i eigedomsskattelova §§ 2 og 3, skal eigedomsskatt skrivast ut etter disse alternativa for skatteåret 2012:

- Faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang.
- Verker og bruk i heile kommunen.

Den generelle skattesatsen for dei skattekpliktige eigedomane blir sett til 7 promille.

Skattesatsane blir differensierte med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a. Dette gjeld for bustadar/bueiningar og fritidseigedomar, der skattesatsen blir sett til 4 promille.

For bueingar av eigedomar (inkludert fritidseigedomar) som ikkje blir nytta til næringsverksemd, skal det nyttast eit bottenfrådrag på kr 450 000 av takstverdien.

Nyoppførte bygg som heilt eller delvis blir brukt som bustad, er fritekne for eigedomsskatt i 10 år jf. eigedomsskattelova § 7 bokstav c inntil kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomsskatten skal betalast i 6 terminar i skatteåret.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidligare vedtekne skattevedtekter.

Kommunestyret gjev budsjettutvalet oppdrag om å foreslå tiltak for å dekkje inn inntil kr 5 millionar i årleg driftsbudsjett. Budsjettutvalet får frist til 1 juni 2012 med å koma med framlegg til kommunestyret.

Økonomiplanen blir som følgje av dette lagt fram til rullering i løpet av første halvår 2012. Samråystes.

## 6 Kommunestyret sitt vedtak

### 6.1 Vedtak i Kommunestyret 22.12.2011

Budsjett 2011 og økonomiplan 2012 – 2014 blir vedteke slik det går fram av innstillinga frå budsjettutvalet i eige budsjettdokument som fylgjer denne saka.

Med grunnlag i eigedomsskattelova §§ 2 og 3, skal eigedomsskatt skrivast ut etter disse alternativa for skatteåret 2012:

- Faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang.
- Verker og bruk i heile kommunen.

Den generelle skattesatsen for dei skattepliktige eigedomane blir sett til 7 promille. Skattesatsane blir differensierte med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a. Dette gjeld for bustadar/bueiningar og fritidseigedomar, der skattesatsen blir sett til 4 promille.

For bueingar av eigedomar (inkludert fritidseigedomar) som ikkje blir nytta til næringsverksemد, skal det nyttast eit bottenfrådrag på kr 450 000 av takstverdien.

Nyoppførte bygg som heilt eller delvis blir brukt som bustad, er fritekne for eigedomsskatt i 10 år jf. eigedomsskattelova § 7 bokstav c inntil kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomsskatten skal betalast i 6 terminar i skatteåret.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidligare vedtekne skattevedtekter.

Kommunestyret gjev budsjettutvalet oppdrag om å foreslå tiltak for å dekkje inn inntil kr 5 millionar i årleg driftsbudsjet. Budsjettutvalet får frist til 1 juni 2012 med å koma med framlegg til kommunestyret.

Økonomiplanen blir som følgje av dette lagt fram til rullering i løpet av første halvår 2012. Samråystes.

## 7 Overordna styringssignal og utvikling

### 7.1 Viktige prioriteringar i statsbudsjettet

#### Her er nokre utdrag frå tekster frå regjeringa i samband med statsbudsjettet



*Finansminister  
Sigmund Johnsen la fram  
forslaget til statsbudsjett  
5. oktober 2010*

*Foto: Finansdepartementet*

”Regjeringen legger opp til en reell vekst i kommunenesektorens samlede inntekter på om lag 5 mrd. kroner i 2012, tilsvarende en realvekst på 1,4 pst. Av den samlede veksten er 3,75 mrd. kroner frie inntekter. Dette tilsvarer en realvekst i frie inntekter på 1,3 pst. Veksten er regnet fra anslått inntektsnivå for kommunenesektoren i 2011 i Revidert nasjonalbudsjett 2011. Regjeringens budsjettforslag legger til rette for et fortsatt høyt aktivitetsnivå i kommunenesektoren.

Samhandlingsreformen iverksettes fra 2012. Som ledd i reformen foreslår Regjeringen å overføre om lag 5,6 mrd. kroner fra de regionale helseforetakene til kommunenes rammetilskudd. Midlene er knyttet til kommunal medfinansiering av spesialisthelsetjenester og ansvaret for utskrivningsklare pasienter. Det foreslås å opprette et eget tilskudd over Helse-

og omsorgsdepartementets budsjett til oppbygging av et øyeblikkelig hjelptilbuds i kommunal regi.

Regjeringen foreslår at det innenfor rentekompensasjonsordningene for både skole- og svømmeanlegg og transporttiltak i fylkene kan gis tilslagn om kompensasjon for renteutgifter knyttet til investeringer på til sammen 2 mrd. kroner i 2012.

Innenfor ordningen med investeringstilskudd til omsorgsboliger og sykehjemsplasser, foreslår Regjeringen at det i 2012 kan gis tilskudd til ytterligere 1 500 omsorgsboliger og sykehjemsplasser. For å styrke innsatsen for personer med demens foreslås det 150 mill. kroner til et eget øremerket stimuleringstilskudd, slik at om lag 5 000 flere mennesker med demens kan få et dagaktivitetstilbuds deler av uken i 2012.”

### 7.2 KS si uttale til statsbudsjettet

#### Tøff jobb for lokalpolitikarane

6. oktober la regjeringa fram forslaget til statsbudsjett for 2012. Her er utdrag frå KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon) si pressemelding:

”Utgiftene vokser mer enn inntektene i kommunenesektoren neste år. Etter at rikspolitikerne har brukt valgkampen til å love bedre tjenester til innbyggerne, får lokalpolitikerne jobben med å kutte i tjenestene.”

#### Vanskelege val

Vidare skriv KS i pressemeldinga:


”- Regjeringens forslag til statsbudsjett for 2012 betyr at lokalpolitikerne må ta vanskelige valg når budsjettene i kommuner og fylker skal vedtas senere i år. Jeg vil likevel understreke at kommuner og fylker vil kunne levere gode velferdstjenester også neste år, sier styreleder i KS, Halvdan Skard.”

#### Auke til kommunane, men ikkje nok


”De foreslår inntektene til kommunenesektoren i 2012 er likevel ikke nok til å dekke de forventede utgiftene. Skard mener at det nå er viktig at Regjeringen og KS tar et felles ansvar for å fortelle innbyggerne hva som blir konsekvensene av dette.

Regjeringen foreslår en vekst i kommunenesektorens frie inntekter på 3,35 milliarder kroner i 2012, og i tillegg en ekstrasatsing på vegvedlikehold i fylkeskommunene på 400 millioner kroner. KS anslår at dette er om lag 800 millioner kroner mindre enn hva en ren videreføring av dagens tjenestetilbud vil kreve, bare som følge av befolningsutvikling og økte pensjonskostnader i kommunenesektoren.”

## 7.3 Utvikling i folketalet




Folketallet i Lom kommune ved utgangen av året fra 2002 til 2010, og ved utgangen av tredje kvartal 2011.  
(Kjelde: SSB)



Framskrivning av folketallet i Lom fra 2012 til 2037.

Framskrivninga er basert på dei to alternativa middels nasjonal vekst og sterke aldring.




(Kjelde: SSB)



Framskrivning av folketallet i Lom fra 2012 til 2037 fordelt på aldersgrupper.

Framskrivninga er basert på dei to alternativa middels nasjonal vekst og sterke aldring.

(Kjelde: SSB)



## 8 Overordna mål og strategiar

### 8.1 Balansert målstyring (BMS)

**Resultatleiing er ein leiarfilosofi**  
som er basert på at politikarar, administrasjonssjef, leiarar og tilsette har dei same klart definerte måla og resultatkrava. Det skal vera stor fridom i korleis ein skal nå måla.

#### Kva meir er Balansert målstyring?

- Ein set fleire område i sentrum, ikkje berre økonomi.
- Lom har sett brukar, medarbeidar, økonomi, samhandling mellom politikk og administrasjon og læring og fornying i sentrum.
- Som hjelpemiddel er det laga målekart som fortel kva ein set fokus på innan kvart område.
- Kommunemålekartet er det overordna

målekartet, og seier kva som skal målast totalt og for kvart tenesteområde.

- Målekarta skal vera forankra og aksepterte i heile organisasjonen.
- KS sine brukar- og medarbeidarundersøkingar skal brukast som hjelpemiddel i resultatmålingane.
- BMS vil gje grunnlag for dialog mellom politikarar og administrasjonssjef, mellom administrasjonssjef og leiargruppe og mellom dei einskilde leiarane og deira tilsette. Dette vil gje grunnlag for ein brei medverknad frå heile organisasjonen i arbeidet mot felles mål.
- Ein flatare organisasjonsmodell med stor bruk av delegering gjer det naudsynt med eit anna styringssystem.

### 8.2 Kommunemålekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2010	Mål 2011	Mål 2012
Økonomi	Økonomistyring og drift	Brutto driftsresultat	-3,2%	1,4%	1,3%
		Netto driftsresultat	3,6%	3,6%	8,0%
	Finansiell styring	Eigenkapitalprosent	36,2	38	36
		Gjeldsgrad (Gjeld/Eiegenkapital)	1,8	1,7	1,1
	Likviditetsstyring	Kredittid fordringar	33 dagar	32 dagar	32 dagar
		Likviditetsgrad 1	3,2	3,4	3,4
		Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter	34,3	40	34,0
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med nærmeste leiar?	4,7	4,7	4,8
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	4,1	4,3	4,3
		Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	5,0	4,8	4,9
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,1	5,1	4,9
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	1,8%	3,0%	2,5%
		Sjukefråvær langtid	5,7%	4,2%	3,9%
		Svarprosent medarbeidarundersøking	59%	83%	83%
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,7	4,6	4,7
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,3	4,3	4,6

Karakterskala i medarbeidarundersøkingane går frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

## 9 Handlefridom i økonomien - prioriteringar

### 9.1 Generelle økonomiske utfordringar

#### 9.1.1 Endringar i tilskot frå Staten

	Budsjett 2011	Budsjett (end) 2011	Endring justert budsjett og 2012	Avvik
Skatt på inntekt og formue	-41 923 000	-39 553 000	-41 945 000	-2 392 000
Statleg rammeoverføring	-63 816 000	-63 860 000	-68 202 000	-4 342 000
Inntektsutjamningstilskot	-8 764 000	-10 616 000	-10 968 000	-352 000
Skjønnstilskot	-600 000	-600 000	-550 000	50 000
Sum overføring frå staten	-115 103 000	-114 629 000	-121 665 000	-7 036 000

#### 9.1.2 Rammeoverføringar

Tilskot til samhandlingsreforma er frå 2012 innlemma i rammetilskotet frå staten. I forhold til opphavleg budsjett fekk Lom ei auke på kr 6 562 000. I forhold til justert budsjettet er auka på kr 7 036 000. I denne auke ligg middel til samhandlingsreforma med kr 3 174 000. Den reelle auka i forhold til justert budsjett 2011 blir kr 3 862 000.

Som faktor for lønsauke er brukt 3,6% som årlønsvekst. Dette er prognose frå SSB. Med ei lønsmasse på ca kr 107 000 000, får vi ei auke i lønsutgiftene på ca kr 4 000 000. Auke i pensjonsutgiftene rekna av lønsgrunnlaget er berekna til 3%. I budsjettet for 2011 er det nytta ein faktor på 15,1 %. For 2012 er denne faktoren 18 %. Denne faktoren er utrekna etter estimat frå KLP. Pedagogisk personell ved skulane er forsikra gjennom statens pensjonskasse. Her er det lågare satsar.

Dette syner at auka i rammetilskot er overskreden betydeleg berre med lønsauke og auke i pensjonsutgiftene.

Det blir innført valfag i ungdomsskulen. Opplæringa på ungdomstrinnet skal vera meir praktisk, variert og utfordrande. Det ligg auke i rammetilskotet som skal dekke auke i timetalet på 1,5 t kvar veke, kvart klassesteg. I 2012 startar ein med 8. klasse.

Maksimal foreldrebetaling i barnehagen blir vidareført. Rammetilskote er styrka med 240,6 mill på landsbasis. Kontantstøtta blir omlagt. Den skal avviklast for 2 – åringar. Det kan føre til auka barnehageetterspørsel, men dette er lite sannsynleg i Lom.

